

# INFORMASJON

TIL DEG SOM SKAL BYGGE

GODE RÅD OG TIPS

FØR OG UNDER

BYGGEPROSESSEN

Utgjevar

Hjartdal Elverk AS

3692 Sauland

Tlf 35 02 80 80 Faks 35 02 80 81

e-post: [firmapost@hjordal-elverk.no](mailto:firmapost@hjordal-elverk.no)

<http://www.hjordal-elverk.no>

### 1. Bestilling av strøm

Byggherre/kunde bør på eit tidleg tidspunkt ta kontakt med nettselskapet, for å avklare det med strømtilkopling.

### 2. Anleggstilskot

Alle tilknytningar til nettselskapets nett som utløyser ein kostnad, vil bli fakturert utbygger/kunde. Anleggstilskotet er sett lik anleggskostnaden og blir fakturert ved anleggstart. Anleggstilskotet blir rekna ut etter gjeldande forskrifter satt av NVE.

### 3. Byggestrøm

Bestillast hos nettselskapet seinast **ei veke** før bruk.

Byggestrøm blir tilkopla på nærmaste stolpe eller kabelfordelingsskap.

Ynskjer byggherre/kunde byggestrømskap montert andre stader, og som inneber at det må etablerast midlertidige løysingar, blir dette fakturert etter medgått tid og materiell.

Ved montering av byggestrøm på tamp av stikkledning inne på byggeplass, så må kabel vere nedgraven, eller likeverdig beskytta.

Inne på byggeplass må byggherre/kunde syte for at det er ein plasstil å plassere byggestrømskap på, t.d. eit stativ. Dette blir avtalt i kvart enkelt tilfelle ved bestilling.

Dersom byggestrøm må fråkoplast pga flytting av denne eller tilkopling av permanent installasjon, skal dette utførast av nettselskapet, eller av installatør som er godkjent av nettselskapet for dette arbeidet. All flytting

*av byggestrømskap i byggeperioden, blir fakturert etter medgått tid og materiell.*

*Det er byggherre/kunde som er ansvarleg for at byggestrømsanlegget, inkludert undersentralar og leidningar, er i forskriftsmessig stand under leige/byggeperioden.*

#### **4. Installatør**

*Det er viktig at installatør blir tatt med i startfasen av byggeplanane. Dette for at jordelektrode, trekkerøyr, etc., kjem på plass til rett tid i byggeprosessen, og blir i samsvar med forskrifter for elektriske lågspenningar. Det er installatør om tar seg av melding av installasjonsarbeid og ferdigmelding av installasjonen til nettselskapet og avtalar tidspunkt i forhold til påkopling av strøm.*

#### **5. Kabelpåvisning**

*Før grunnarbeidet tek til, så må det avklarast om det ligg kablar i grunnen. Kabelpåvisning av el –kablar bestillast hos elverket og er kostnadsfritt, med unntak av påvisning av interne kablar. Kabelpåvisning av telekablar bestillast hos Geomatikk 09146.*

#### **6. Luftleidningar**

*Er det luftleidningar i nærleiken eller som kryssar over byggeplassen, så ta kontakt for å avklare byggeavstandar.*

*Arbeid med maskinar nærare enn 30m til luftleidningar skal varslast nettselskapet.*

## 7. Stikkledning

Stikkledning er luftledning eller kabel frå nettselskapets fordelingsanlegg til anleggseigar/brukar sitt anlegg.

Stikkledning skal så langt som råd, framførast som jordkabel.

Der stikkledning blir etablert som jordkabel, skal grøft for jordkabel utførast av entreprenør som er godkjent for slike arbeider. Ynskjer byggherre å utføre grøftarbeid sjølv, skal grøft godkjennast av elverket ved utlevering av stikkledning. Jordkabel må bestillast hos nettselskapet seinast to veker før gravearbeid tek til.

## 8. Grensesnitt

Grensesnittet mellom nettselskapet og kunden sitt anlegg er ved:

Luftledning: tilkoplingsklemmer på vegg.

Jordkabel: der kabel fyrste gong møter utvendig kabel - /inntaksskap eller bygningsmessig del, dvs vegg eller grunnmur/pilar. Grensesnitt blir ikkje under bygningsmessige delar. **STROM**

## 9. Flytting av kablar og ledningar

Dersom kunde/byggherre ynskjer flytting eller endring av nettselskapet forsyningsnett, så blir dette fakturert rekvirenten etter medgått tid og materiell. Viser til "Standard tilknytingsvilkår", som er å finne på elverkets heimeside, [www.hjartdal-elverk.no](http://www.hjartdal-elverk.no), eller ved henvending til vårt kontor.